



HELSE MØRE OG ROMSDAL

Retningslinje for innmelding og handsaming av saker til Helsefellesskap Møre og Romsdal

Forankring i samarbeidsavtale og forslagsrett

Samarbeidet mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane er regulert i gjeldande samarbeidsavtale med retningslinjer.

Saker til Helsefellesskap Møre og Romsdal kan fremjast av alle medlemmar i helsefellesskapet, men også av tilsette i helseføretak og kommunar samt innbyggjarar og pårørande til brukarar som mottar helse- og omsorgstenester i fylket.

Retningslinje for innmelding og sakshandsaming

1. Innmelding av sak til Helsefellesskap Møre og Romsdal skal følge av ei dokumentert grunngjeving, gjerne med referanse til dei delar av Samarbeidsavtalen som er relevante for forslaget.
2. Saka sendast til leiar av felles samarbeidssekretariatet:
bodil.marit.haugen.vage@alesund.kommune.no
3. Leiar av samarbeidssekretariatet tek i mot saka og drøftar kvar saka skal handsamast vidare saman med leiar og nestleiar i Strategisk samarbeidsutval. Saka kan handsamast i Partnarskapsmøte, Strategisk samarbeidsutval, Faglege samarbeidsutval eller Lokale samarbeidsutval.
4. Dersom saka ikkje skal handsamast i Helsefellesskapet kan leiar av samarbeidssekretariatet sende saka tilbake til melder med grunngjeving for avslag.
5. Leiar av samarbeidssekretariatet gir tilbakemelding om utfall i saka saman med referat frå møte i utvalet der saka vart handsama.



Skjema for innmelding av saker

Kven melder saka?	Namn, verksemd, rolle, kontaktinformasjon (e-post, telefon)
Melders dato og eventuelt internt saksnummer	dd.mm.åå
Bakgrunn for ønske om behandling og hastegrad	Skildre kva er som ikkje fungerer i dag? Ver konkret. Gi døme. Kva vil nytta vere ved endring? Konsekvensar ved å utsetje eller sjå vekk frå forslaget.
Kan du sette fingeren på kva som gjer at det ikkje fungerer?	Skildre til dømes kva som er uklart, inkonsistent eller manglar i eksisterande rutinar, eventuelt manglande etterleving av eksisterande rutinar. Nemn eventuell manglande samsvar med samarbeidsavtale, lov, forskrift eller faglege retningslinjer. Lovverk/forskrift e.l.
Kva for pasientgrupper blir ramma (døme)?	Skildre
Kva for tenesteleverandørar er samhandlingspartar i dag?	Skildre

Vil endringsforslaget innebere behov for organisatorisk og/eller teknologisk endring?	Skildre
Er saka eller liknande saker forsøkt løyst tidligare?	Skildre korleis - gi en vurdering av kvifor det ikkje lukkast.
Korleis ser du for deg at dette kan løysast /bli betre? Gevinstar og nytte	
Økonomiske konsekvensar (kostnader, ressursbehov, økonomisk gevinst)	
Referansar og dokumentasjon: Samarbeidsavtalens avtalepunkt Lovgjeving Offentlege og faglege utgreiingar og anbefalingar	